

Fra: Thomas Bjørkeland <Thomas.Bjorkeland@museumvest.no>
Sendt: tirsdag 2. juli 2019 16:12
Til: sigrun.wolstad@hfk.no
Kopi: Magnar Greve
Emne: SV: Søknad om utlegg av sjøkabel i Seimsfjorden og Lurefjorden, sjøkart 23, Lindås kommune

Vedr. Søknad om utlegg av sjøkabel i Seimsfjorden og Lurefjorden, sjøkart 23, Lindås kommune. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post frå Seaworks Kabel AS 15.06.2019.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til marine kulturminne langs trasé for vassleidning i Seimsfjorden og Lurefjorden med ilandføring ved Seim og Hundvin, Lindås kommune som kan bli direkte råka av tiltaket.

Museet har ingen andre merknader til tiltaket.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Med venleg helsing

Thomas Bjørkeland | Bergens Sjøfartsmuseum
Marinarkeolog | + 47 55 54 96 11
www.museumvest.no

Fra: Magnar Greve <magnar.greve@seaworks.no>
Sendt: lørdag 15. juni 2019 14:28
Til: marinarkeologi <marinarkeologi@sjofartsmuseum.no>
Kopi: Stian Hokland <stian.hokland@seaworks.no>
Emne: Søknad om utlegg av sjøkabel i Seimsfjorden og Lurefjorden, sjøkart 23, Lindås kommune

Hei!

Vedlagt oversendes søknad om utlegg av sjøkabel i Seimsfjorden og Lurefjorden, sjøkart 23, Lindås kommune. Vi ber om at søknaden med vedlegg videresendes til rette avdeling for saksbehandling.

Magnar Greve
Konsulent
Seaworks Kabel AS
Mobil: 95968451
e-mail: magnar.greve@seaworks.no